



DET KONGELIGE  
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Direktoratet for høyere utdanning og  
kompetanse  
Postboks 1093  
5809 Bergen

Deres ref

Vår ref

Dato

22/4111-2

8. desember 2022

## **Spørsmål om forlenging av introduksjonsprogram for studentar med inntil seks måneder - integreringslova § 37 c**

Vi viser til e-post frå HK-dir av 18. oktober 2022. Bakgrunnen er spørsmål frå høgare utdanningsinstitusjonar som har teke opp ukrainske studentar som tek høgare utdanning som del av introduksjonsprogrammet. Spørsmålet frå institusjonane er om pågåande studium ved universitet- og høgskule normalt vil kunne gi grunnlag for forlenging av introduksjonsprogrammet frå seks til tolv månader, og om det evt. vil vere avgjerande om studenten er i gang med eit studium som strekker seg over fleire semester, eller berre er teken opp på ei emnepakke i haustsemesteret.

Spørsmålet om forlenging av introduksjonsprogrammet skal avgjerast med utgangspunkt i deltakaren sitt slutt mål og om det er grunn til å forvente at deltakaren vil nå slutt målet med ei forlenging. Denne vurderinga er den underlagte kommunen sitt skjøn. Kommunane må gjere ei konkret heilskapsvurdering av deltakaren sin progresjon, kor nært deltakaren er å nå slutt målet sitt, om deltakaren er avhengig av kommunen si hjelp for å nå slutt målet og deltakaren sin motivasjon. Årsaka til at deltakaren ikkje har nådd slutt målet, og om denne årsaka avhenger av forhold deltakaren sjølv har hatt innverknad på, er eit sentralt moment i vurderinga av om programmet skal forlengast. Ei forlenging av programtida er særleg aktuelt dersom det kan føre til at deltakaren oppnår formelle kvalifikasjonar.

Om studentar som tek høgare utdanning eller høgare yrkesfagleg utdanning som del av introduksjonsprogrammet er i gong med eit studium som strekker seg over fleire semester eller berre er teke opp på ein emnepakke i haustsemesteret, er med andre ord ikkje avgjerande for spørsmålet om forlenging av introduksjonsprogrammet. Departementet vil samtidig understreke at ordinære studium, med unnatak av kortare fagskuleutdanningar, ikkje kan inngå i eit introduksjonsprogram, men at forberedande kurs som innføringskurs

Postadresse  
Postboks 8019 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@aid.dep.no

Kontoradresse  
Akersgata 64  
www.aid.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
983 887 457

Avdeling  
Integreringsavdelingen

Saksbehandler  
Cecilie Uteng  
22 24 77 69

eller språkkurs i regi av utdanningsinstitusjonane for å fylle kravet til generell studiekompetanse, for eksempel studium i høgare utdanning på minst 60 studiepoeng i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar, kan inngå anten heilt eller delvis. Kompletterande utdanning kan også inngå som ein del av programmet.

For studieåret 2022-23 kan utdanningsinstitusjonen gjere unntak frå kravet til generell studiekompetanse for søkjarar med opphaldsløyve etter utlendingslova kap. 4, medrekna fordrivne frå Ukraina, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning § 3-2 anna ledd og fagskuleforskrifta § 7a. Kunnskapsdepartementet viste i høyringa av føresegnene blant anna til at den endelege løysinga for kvar enkelt vil kunne vere ulik, og blant anna avhenge av bakgrunnen til søkjaren og moglegheitene til den einskilde institusjonen for å gi tilbod som kan gjere det mogeleg å gjennomføre studium. Kunnskapsdepartementet la til grunn at oppfølginga til institusjonane og tilbod til den einskilde inneber at kvalifikasjonane til personen på noko sikt skal kunne vurderast som likeverdige med kravet til generell studiekompetanse, og hjelpe til at søkjarar kan tilfredsstille språkkrav, og eventuelle spesielle opptakskrav. Kunnskapsdepartementet viste blant anna til at det er avgjerande at søkjargruppa blir tilbode aktuelle språkkurs i norsk og engelsk i den grad dei har behov for det. Institusjonane kan også skreddarsy opplæringstilbod innanfor spesifikke realfag frå norsk vidaregåande opplæring for å sikre at søkjarane får dei nødvendige kvalifikasjonane. I slike tilfelle der det setjast av tid til at personen skal oppnå generell studiekompetanse eller spesielle opptakskrav, må kommunen vurdere om utdanninga kan inngå i programmet, heilt eller delvis. Kommunen må i alle tilfelle vurdere kva tiltak som er formålstenlege for at deltakaren skal oppnå sluttmålet sitt. Departementet vil understreke at det er ikkje eit absolutt krav om vitnemål, kompetanseprov eller liknande for at utdanningsrette element skal kunne seiast å styrkje den formelle kompetansen til personen.

Kommunen bør i samarbeid med andre aktørar leggje til rette for at deltakarar som ikkje oppnår sluttmålet sitt innanfor programtida unngår avbrot i kvalifiseringa, jf. integreringslova § 13 sjette ledd. Formelle løp for utdanning kan ved behov bli fullført med finansiering av livsopphald frå Lånekassa. Lånekassa har nettbaserte søknader, og liten kapasitet til individuell rettleiing og oppfølging. Det er viktig at overgangen til livsopphald frå Lånekassen er planlagt i god tid i førevegen, slik at den einskilde får fullført kvalifiseringsløpet sitt utan opphald i opplæringa.

Med helsing

Toril Melander Stene (e.f.)  
avdelingsdirektør

Cecilie Uteng  
utgreiingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*